

Høyring om å fjerne medie- og informasjonskunnskap frå fagtilbodet

Status

Innsend til Utdanningsdirektoratet.

Innsendt og stadfesta av instansen via: wbr@norsklektorlag.no

Innsend av

Wenche Bakkebråten Rasen

Innsend dato

19. november 2025

På vegner av

Norsk Lektorlag

Målgruppe

Organisasjon (Privat)

Stilling

fagsjef utdanning

✓ Eg stadfestar at fråsegna er på vegner av heile oppgitte organisasjon.

1. Innleiing

Som ein del av oppfølginga av oppdrag 2023-024 om å gjennomgå fag- og timefordelinga i vidaregåande opplæring er vi i gang med å identifisere behov for endringar i dagens fag- og timefordeling. Dette gjer vi for å møte uttrykte behov for endringar på kort sikt, og det gir oss eit kunnskapsgrunnlag for arbeidet med å utvikle eit nytt rammeverk for innhald og struktur i vidaregåande opplæring.


Vi har over tid sett ein stor nedgang i talet på skoler som tilbyr, og elevar som vel, medie- og informasjonskunnskap 1 og 2. Vi sender derfor på høyring eit forslag om å fjerne medie- og informasjonskunnskap 1 og 2 frå fagtilbodet.

2. Struktur og elevtal

Faget medie- og informasjonskunnskap ble innført som ein del av Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2006 (LK06), og ble ein del av fagtilbodet i utdanningsprogram for studiespesialisering. Medie- og informasjonskunnskap består av medie- og informasjonskunnskap 1 og 2. Medie- og informasjonskunnskap 2 byggjer på medie- og informasjonskunnskap 1. Det vil sei at elevane må gjennomføre medie- og informasjonskunnskap 1 før dei kan gå vidare med opplæringa i medie- og informasjonskunnskap 2.

Elevar i utdanningsprogram for studiespesialisering skal ordinært i løpet av tre år ha 840 timar programfag, der minst 560 av desse timane skal nyttas til programfag frå eige programområde. Elevane skal ta to programfag á 140 timer frå kvart av to fagområde innafor eige programområde (fordjuping). Innafor programområde for språk, samfunnsfag og økonomi (SSØ) kan elevar velje mellom anna medie- og informasjonskunnskap 1 og 2. Medie- og informasjonskunnskap 1 og 2 kan saman oppfylle krav til fordjuping på vitnemålet.

Medie- og informasjonskunnskap 1 og 2 er faga med færrest elevar i blant samfunnsfaga. Faga har hatt ein nedgang frå litt over 1200 elevar i 2014 til 550 (medie- og informasjonskunnskap 2) elevar i 2025. Sidan 2014 er talet på elevar som vel faga halvert.



3. Vurderingar

Dersom det er få elevar i eit fag ved ein skule eller i eit fylke, er det òg få faglærarar som jobbar aktivt med læreplanar og vurdering i faget. Det kan derfor vere utfordrande å til dømes skape tolkingsfellesskap gjennom refleksjon over læreplanen og vurdering, og saman med andre planleggje opplæring og drøfte kompetanse i faget, inkludert krav til standpunktkarakterar. I tillegg kan det vere vanskeleg å rekruttere faglærarar til eksamensutvikling og sensur, både ved lokalt gitt og sentralt gitt eksamen. I fag med få elevar er det ofte mangel på læremiddel. Dersom elevgrunnlaget

minkar i eit fag, forsvinn også faget som tilbod ved skulen, og sjølv om fleire elevar vil vise interesse for faget eit anna år, kan det skape uføreseielegheit for lærarar, skuleleiing og elevar.

Det er viktig at fagtilbodet opplevast som relevant og attraktivt, og at fagtilbodet opplevast som meningsfullt og viktig for elevane si framtid, nasjonalt, ved den einskilde skole og for den einskilde elev. Når det er mange fag i fagtilbodet, som elevar sjeldan vel, kan det vere utfordrande å oppretthalde et tilbod som opplevast som relevant for samfunnet, arbeidsliv og for den einskilde elev.

Innhaldet i faga overlappar ein del med fagtilbodet i utdanningsprogram for medium og kommunikasjon, som til dømes mediasamfunnet 1, 2 og 3. Både medie- og informasjonskunnskap 1 og 2 og mediasamfunnet 1, 2 og 3 har som mål å utvikle medieforståing. Begge faga tek for seg korleis media har utvikla seg over tid og fått ei viktig funksjon i samfunnet. Begge faga har mellom anna fokus på kritisk medvit, etiske retningslinjer rundt medieproduksjon og korleis makta til media påverkar samfunnet.

Med bakgrunn i våre vurderingar meiner vi det er grunnlag for å fjerne medie- og informasjonskunnskap 1 og 2 frå fagtilbodet. Dette kan bidra til eit meir oversiktleg og enklare fagtilbod. Eit smalare fagtilbod kan bidra til eit styrkt profesjonsfellesskap.

4. Innføring og overgangsordningar

Ei eventuell fjerning av medie- og informasjonskunnskap 1 vil tre i kraft 1. august 2026 og fjerning av medie- og informasjonskunnskap 2 vil tre i kraft 1. august 2027. Ei overgangsordning vil følgje gjeldande reglar. Det betyr mellom anna at det er mogleg å gjennomføre eksamen i tre påfølgande eksamensperioder. Siste eksamen i medie- og informasjonskunnskap 1 vil vere hausten 2027 og siste eksamen i medie- og informasjonskunnskap 2 vil vere hausten 2028.

Stør du forslaget om å fjerne medie- og informasjonskunnskap frå fagtilbodet?

Ikkje svart

Vil forslaget utløyse nokre negative konsekvensar for skoler?

Ikkje svart

Vil forslaget utløyse nokre negative konsekvensar for elevar?

Ikkje svart

Generell kommentar

Norsk Lektorlag er bekymret over at direktoratets endringsforslag tilknyttet gjennomgangen av fag- og timefordelingen høres stykkevis og delt. De samlede forslagene er ikke drøftet med partene nasjonalt, og direktoratet sender nå ut enkeltstående høringer med det vi oppfatter som delforslag. Det gjør det i dag vanskelig for høringsinstansene å se for seg hvordan hvert enkeltforslag virker sammen i den større helheten av endringer, og å påpeke eventuelle konsekvenser på samfunnsnivå.

Utdanningsdirektoratets høringsnotat er svært kort og mangelfullt. Noen inngående analyse eller beskrivelse av bakgrunnen til hvorfor det er vedvarende lave elevtall i faget, blir ikke presentert. Vårt inntrykk er at hovedårsaken til at faget ikke tilbys, er ønske om innsparing i fylkeskommunene. Deretter brukes få elever som grunn for å foreslå å legge ned fag. Vi savner en bredere analyse av hvilke fag en i et samfunnsperspektiv ønsker at elever med generell studiekompetanse skal kunne ta som del av sin faglige portefølje.